



∴_____∴

Planskildring

(Endring - 10/6 og 12/1)

Detaljplan for Øvre Kamben



∴

1.∴



∴.....∴

INNHALD

INNHALD	2
INNLEIING.....	3
BAKGRUNN OG FORMÅL	3
EIGEDOMSHØVE.....	3
OPPDRAGSGJEVAR.....	3
PLANLEGGJAR.....	3
PLANOMRÅDE, EKSISTERANDE TILHØVE.....	4
PLASSERING OG STORLEIK	4
FORHOLD TIL GJELDANDE KOMMUNEPLAN	4
FORHOLD TIL GJELDANDE REGULERINGSPLAN	5
PLANAVGRENSING.....	6
PLANPROSESS	6
HISTORIKK.....	6
INNKOMNE MERKNADER.....	6
UTVALDE PLANFAGLEGE MOMENT	8
PLANKART	8
ENDRING I HØVE TIL GJELDANDE PLANKART	8
UTNYTTINGSGRAD, BYGGEHØGDER OG PARKERING.....	9
KØYREVEGAR	10
TERRENG.....	11
MYR	11
FRILUFTSLIV OG REKREASJON.....	12
ENERGI	12
STØY	12
KULTURMINNE.....	12
PLAN FOR OVERVATN, VATN- OG AVLØP	12
BARN-OG UNGES INTERESSER.....	12
VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA	12
<i>Bakgrunn.....</i>	<i>12</i>
<i>Kunnskapsgrunnlaget (§8).....</i>	<i>12</i>
<i>Føre var prinsippet (§9).....</i>	<i>13</i>
<i>Økosystemtilnærming og samla belastning (§10):.....</i>	<i>13</i>
<i>Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver (§11):.....</i>	<i>13</i>
<i>Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode (§12):.....</i>	<i>13</i>
<i>Vurdering:</i>	<i>13</i>
ROS	13
VEDLEGG:.....	13

∴

2.∴



∴.....∴

INNLEIING

Detaljplan for Øvre Kamben vart utarbeidd og vedteke i 2019. Omsøkt areal er regulert med tre område til konsentrert fritidsbygg. Eldstad utvikling AS ynskjer på vegne av eigarar av gbnr. 10/6 og 12/1 å detaljere arealet og gjere endringar i høve til vedtatt plan for tilrettelegging område for mindre tomter med små fritidseiningar.

Bakgrunn og formål

Eldstad utvikling AS ynskjer å utvikle eigendomane gbnr 10/6 og 12/1 som i dagens plan er regulert til konsentrert fritidsbygg til mindre tomter for små frittstående hytter. Endringa fører i liten grad til endring innanfor området og blir fremma etter Plan og bygningslovens §12-14 andre ledd er skriven slik:

§ 12-14. Endring og oppheving av reguleringsplan

Kommunestyret kan delegera myndigheten til å treffe vedtak om endringer i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.

Vedlagt plankart syner eit utsnitt av detaljplan for øvre Kamben med framlegg til ny utforming av reguleringsføremåla for gbnr. 10/6 og 12/1.

Hyttebygging og regulering til dette formålet har dei siste tiåra i stor grad dreidd seg om å tilrettelegging for enkelttomter på omlag 1 daa med moglegheit for å sette opp ein fritidsbustad på om lag 150m² BYA med anneks og uthus i tillegg. Samfunnsmessige endringar og utvikling peiker i retning av ynskje om mindre arealeffektive einingar. Eldstad utvikling ynskjer derfor å gjere endingar i planen for å imøtekoma denne utviklinga.

Eigedomshøve

Grethe Brekko og Gunner Eldstad eig arealet innanfor planområdet.

Eigedom Gnr/bnr.	Heimelshavar	Storleik
10/6	Grethe Brekko	1 333 732 m ²
12/1	Gunnar Eldstad	45 721 m ²

Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Eldstad utvikling AS.

Planleggjar

Arkitekthagen AS ved master i arkitektur Torstein Haug Hagen

∴

3.∴



∴ _____ ∴

PLANOMRÅDE, EKSISTERANDE TILHØVE

Plassering og storleik



Illustrasjonen syner området med avgrensing teikna med raud strek.

Planområdet ligg på Kamben på Golsfjellet aust for Bjørnalihaugen og har tilkomst frå veggen Bjørnalihaugen. Areal innanfor avgrensingar er på om lag 21,3 daa og framstår i dag ubyggd.

Forhold til gjeldande kommuneplan

Gjeldande plan for området er "Kommunedelens arealdel 2011-2023", vedteke 06.11.2011. Innanfor avgrensingar for mindre endring ligg føremåla:

- Næringsvirksomhet
- Fritidsbebyggelse

I arbeid med ny kommuneplan «kommunedelens arealdel for Gol 2021-2033» er det framlegg om å endre område frå næring til fritidsbusetnad då området allereie er regulert til fritidsbusetnad.

∴

4.∴




Utskrift frå Kommune kart.com med gjeldande kommuneplan. Planområde synt med raud strek.

Forhold til gjeldende reguleringsplan

Gjeldende plan for området er "Detaljplan for Øvre Kamben", vedteke 16.06.2019. Innanfor avgrensingar for mindre endring ligg føremåla:

- Fritidsbebyggelse-konsentrert (FBK1, FBK2 og FBK3)
- Fritidsbebyggelse (tomt 132)
- Kjøreveg
- Annen veggrunn - grøntareal
- Friluftsmål



Utskrift frå Kommune kart.com med gjeldande regulering. Planområde synt med raud strek.

::

5.:



Planavgrensing

Avgrensinga til området for mindre endring følger mot nord plangrensa, i aust føremålsgrensa mot skiløypestrasé, mot sør i formålsgrense mellom køyreveg og annan veggrunn og mot vest er det i teorien ikkje nokon avgrensing. Ved vedtak om endring vil dagens reguleringsplankart bli erstatta for dette området.

PLANPROSESS

Historikk

- Oppstartsmøte med kommunen vart halden 17.01.2023 på Gol kommunehus
- Varsel om endring av plan vart sendt 14.12.2023 etter lista under.

Matrikelnr	Navn	Adresse	Poststed
	Brekko Grethe	Tuppeskogvegen 405	3550 Gol
	Eldstad Gunnar	Øvrevegen 135	3550 Gol
	Nalbant Wenche E M og Josef	Leangveien 31	1387 Asker
	Gjelstad Inger og Håkon	Brands Vei 20 A	3122 Tønsberg
	Strande Cecilie Kaas og Magnus	Jerpefaret 26e	0788 Oslo
	Røer Cecilie	Grandeveien 1b	0286 Oslo
	Haugstvedt Kari og Johannessen Cato	Furuveien 30c	0678 Oslo
	Statsforvalteren I Oslo og Viken	Post@Hbr.No	
	Viken Fylkeskommune	Sfovpost@statsforvalteren.no	
	Hallingdal Brann- og Redningsteneste lks	Post@viken.no	

Frist for merknader til planarbeidet vart sett til 15.01.2024

Innkommne merknader

Innanfor høyringsfristen er det komen inn x merknad. I tabellen under er det laga eit kort samandrag og ei vurdering av innkomne merknader. Alle merknader vert lagt ved oversending til kommunen ved fyrstegongs handsaming.

Frå	Samandrag av innhaldet	Kommentar
Statsforvaltaren i Oslo og Viken, dagsett 12.01.2024	<p>Avløp: Viktig at avløpsløyvinga er i samsvar med forureiningsregelverket. Etablering av fleire fritidsbustader krev tilgjengeleg kapasitet. Kommunen må undersøke om gjeldande løysning er dimensjonert for den aukinga som planendringa medfører, og sjå dette i samanheng med elles utbygging i området.</p> <p>Naturmangfald: Det er registrert førekomst av to naturtypelokaliteter innanfor den aktuelle endringa. Begge lokalitetane består av boreal hei, som har status sårbar (VU) på Norsk raudliste over naturtypar 2018. Kreklingstubben N1 er registrert med svært lav lokalitetskvalitet. Storefjell 1 er registrert med høg lokalitetskvalitet, men lokaliteten er svært stor og omfattar betydelege store deler av Storefjell. Vi legg difor til grunn at det dei største økologiske verdiane ligg utanfor det aktuelle planområdet.</p>	<p>Avløp: AsplanViak As som har utarbeidd VA-plan for område har revidert denne i høve til endringsframlegget. VA-plan ligg vedlagt.</p> <p>Naturmangfald: Lokalitetane er registrert og omtala under punktet «vurdering av naturmangfald». Ein står på linje med Statsforvaltaren i vurdering av lokalitetane.</p>

::

6.:



<p>Buskerud fylkeskommune, dagsett 15.01.2024</p>	<p>Omsyn til landskaps-, natur- og friluftslivsverdiar: Regional plan for areal og transport i Buskerud legg til grunn ei balansert utvikling i skogs- og fjellområde som tek vare på omsynet til landskaps-, natur- og friluftslivsverdiar.</p> <p>Positivt at det er synt som myr i kart no inngår i grønstrukturen i plankartet. Vi tilrår kommunen å gjere ei vurdering ut frå omsynet til naturmangfald, og eventuelt avgrense utbyggingsområdet slik at meir av arealet takast vare på. Syner til Naturbasekart og registreringane der knytt til naturtypar.</p> <p>Rår kommunen til å vurderer nøye utnyttingsgrad og mønehøgd ut frå landskapsomsyn på dei øvste areala.</p>	<p>Omsyn til landskaps-, natur- og friluftslivsverdiar: Område ligg inne i godkjent plan som er vurdert i ein større samanheng, ynskt utvikling for staden er i samsvar med føringane lagt i gjeldande plan.</p> <p>Myr som ein del av naturmangfaldet er saman med resten av området vurdert under punktet «vurdering av naturmangfald». Der har ein nytta tilgjengeleg kunnskap i vurderingane. Ein meiner det ikkje vil gå tapt viktig naturmangfald i samband med utbygging av område.</p> <p>Både utnyttingsgraden for områda og mønehøgd er redusert i høve til gjeldande plan. Sjå punktet «Utnyttingsgrad, byggehøgder og parkering»</p>
---	---	---


::

7.:




UTVALDE PLANFAGLEGE MOMENT

Plankart



Bilete syner nytt plankart med endring for staden.

Endring i høve til gjeldande plankart



Bilete syner nytt plankart gjeldande arealbruk som rosa strekar og tilkomstpilar i blått.

8.:



∴.....∴

Som illustrasjonskartet over syner ligg avkøyring til område på same staden som tidlegare regulert. For å minimere tal på kryssingar av friluftsområde er dette lagt over mot nord i området. På den måten blir all kryssing i gjeldande plan og all kryssing for 22 nye einingar unngått.

Utnyttingsgrad, byggehøgder og parkering

4.3 *Utnytting og byggehøyde for konsentrert fritidsbebyggelse (FBK1-FBK4)*
I disse områdene kan det føres opp fritliggende fritidsboliger, flermannshytter eller leilighetsbygg med tilhørende anneks/uthus/garasje. Anneks/uthus kan bygges med areal inntil 40 m² BYA.

Tomtenummerering	Grad av utnytting	Maksimal antall enheter
FBK1	25 % BYA	20
FBK2	25 % BYA	4
FBK3	25 % BYA	12
FBK4	25 % BYA	16

Maks. tillatt mønehøyde for FBK2, FBK3, FBK4 og FBK1 sone 1 er 9,0m. Maks. tillatt mønehøyde for sone 2 i FBK1 er 6,5 m. Grensen mellom sone 1 og 2 følger høydekote 935 m.o.h.

Maks tillatt mønehøyde for anneks/uthus er 4,5m.

Det skal etableres 1,5 parkeringsplasser per enhet. Parkeringsplasser samles i ett eller flere parkeringsanlegg for flere enheter og skal som hovedregel legges inn mot skråninger i terrenget slik at bygningen tar opp i seg terrengets nivåforskjell og blir lite synlig.

Carporter/garasjer kan utføres med flatt tak som dekkes med jordlag og vegetasjon. Der det ikke er mulig å etablere carport/garasjer inn mot skrånende terreng kan tak utformes med skråtak.

Biletet syner utklipp av føresegner for BFK1-BFK4 i gjeldande plan.

Gjeldande føresegn rundt utnyttingsgrad, byggehøgder og parkering for områda som er omfatta av endringa finn ein i punkt 4.3 som er synt i utklippet over.

I føresegnene til endring er delområda FKB vidareført med endra utforming og utnytting og er skriven slik:

- 4.3 *Utnytting og byggehøyde for konsentrert fritidsbebyggelse (FBK1-FBK4)*
I områdene FKB1-FKB3 kan det føres opp fritliggende fritidsboliger og flermannshytter med tilhørende anneks/uthus/garasje, i FKB4 kan det i tillegg føres opp leilighetsbygg. Anneks/uthus kan bygges med areal inntil 40 m² BYA i FBK2 og FBK4. Bod med areal inntil 15m² BYA pr. enhet kan bygges i FBK1 og FBK3

Tomtenummerering	Grad av utnytting	Maksimal antall enheter i feltet	Maksimal antall enheter pr.tomt
FBK1	156m ² BYA pr. tomt	14	2
FBK2	261m ² BYA pr. tomt	2	1
FBK3	156m ² BYA pr. tomt	19	2
FBK4	25 % BYA	17	-

Innenfor FBK1 og FBK3 er det bare på tomtene 151, 152, 154, 155, 156, 157, 158, 160, 162, 163, 164 det kan det føres opp to enheter på samme tomt.

Maks. tillatt mønehøyde for FBK1, FKB2 og FKB3 er 6,5 m. Maks. tillatt mønehøyde for FBK4 er 9,0m.

Maks tillatt mønehøyde for anneks/uthus er 4,5m. Maks tillatt mønehøyde for bod i FBK1 og FBK3 er 3,5m

∴

9.∴



∴. For FKB1- FBK3 er det ved opparbeidelse av 1 enhet krav om 2 parkeringsplasser og 2 enheter enheter krav om 3 parkeringsplasser som skal opparbeides på tomten og inngå i grad av utnytting med 36m2.

For FKB4 skal det etableres 1,5 parkeringsplasser pr. enhet og inngå i grad av utnytting. For FKB4 skal parkeringsplasser samles i ett eller flere parkeringsanlegg for flere enheter og skal som hovedregel legges inn mot skråninger i terrenget slik at bygningen tar opp i seg terrengets nivåforskjell og blir lite synlig. Carporter/garasjer kan utføres med flatt tak som dekkes med jordlag og vegetasjon. Der det ikke er mulig å etablere carport/garasjer inn mot skrånende terreng kan tak utformes med skråtak.

Bygninger på samme tomt skal fremstå ensartet.


Samla er det i gjeldande plan lov å sette opp inntil 36 einingar innan områda FBK1-3. I endringsforslaget er det ynskje om å bygge frittliggande fritidsbustader på FBK2, derfor er feltet avgrensa med 2 einingar. Resterande einingar er fordelt likt mellom dei to felt FBK1 og FBK3 med 17 einingar.

Dei tre felta FBK1-3 er delt inn i tomter nummerert frå T1-T24. For kvart av felta FBK1 og FBK3 er det teikna inn 11 tomter, det vil seie at 6 tomter i kvart felt har moglegheit til å sette opp to einingar på tomta. På den måten kan ein t.d.. tenkje seg generasjonsbruk av fritidseigedomen. Ein føresetnad er at bygningsmassen på kvar tomt framstår med eins karakter.

På plankartet er bygningar i felt FBK2 illustrert med 150m2 medan kvart bygg på tomtene i FBK1 og FBK3 er illustrert med 45m2 BYA.

Køyreveggar

Køyreveggar i plan er teikna inn for i størst mogleg grad å følgje terreng. Rettleiar til brannvesenet i Hallingdal ynskjer at stigning på vegar ikkje overstig 8% eller 1:12,5. Hovudvegen o_SKV1 ligg med stigningsgrad 4,5%. Samleveggen SKV3 og stikkveggar til tomtene ligg med stigning opp mot 10%. Ein meiner at dette ikkje utgjør eit tryggleikproblem då strekket er kort og det betener få einingar.



Oversiktsplan for regulerte vegar innanfor planen

∴. 10.:



∴ _____ ∴

Regulerte vegar skal gje heilårstilkomst og stikkrenner og grøfter må sikrast tilstrekkeleg dimensjon for noverande og framtidige tilhøve. Vegane ligg i planen på følgjande måte:


- Veg SKV1 og 3. Regulert breidde 4 meter. Med 2 meter grøfteareal på kvar side regulert til annan veggrunn - grøntareal.
- Veg SKV2, 4-6. Regulert breidde 3 meter. Med 1 meter grøfteareal på kvar side regulert til annan veggrunn - grøntareal.

Stikkvegar fungere som vendehamar for hovudvegen.

Terreng

Terrenget stig frå aust mot vest og gir inntrykk av å vere ganske flatt. Som hellingskartet syner er det nokre mindre parti innanfor avgrensinga med skrånande terreng. Høgste punktet ligg mot vest på omlag 950 moh. Lågaste punktet mot nordaust på om lag 920 moh. Helling på terrenget varierer, på illustrasjonen nedanfor er arealformål lagt på hellingskart og syner hellingsgrad med følgjande intervall; Slakare enn 1:6, mellom 1:6-1:4, 1:4 eller brattare. Kartet er generert på 15 meter rutenett for å gje eit inntrykk av hellingsgraden på «tomtenivå»

Som kartet syner ligg tomtene i terreng med varierende stigningshøve. Tomtene er lagt med stigning over langsida på tomta.



Figuren syner planframlegg på hellingskart med terreng med intervalla 0-1:6, 1:6-1:4 og brattare enn 1:4.

Myr

Myr eit viktig markslag som flaumdempar, vassreinsar og karbonlager. I tillegg er myra med på å oppretthalde eit stort naturmangfald. Ved utarbeiding av planen er myrområde etter markslag AR5 mot sør lagt inn som del av friluftsområde. Myr mot nord ligg utanfor byggegrense på tomt 11.

∴ _____ 11. ∴



∴ _____ ∴

Friluftsliv og rekreasjon

Det er teikna inn friluftsmål innan planen som ei vidareføring av friluftsmålet i dagens plan. Formålet som gjekk frå løype i aust og vestover er i skilje mellom FBK2 og FBK1 lagt ut mot nord for å unngå unødige kryssingar av føremålet. Erfaring viser at på vinteren blir ikkje slike korridorar nytta, folk vil ikkje å vase i høg snø med tynne ski og velgjer i staden å nytte brøyta veg. Ei tilrettelegging innanfor formålet sommarstid med ein smal grusa stig gjennom område for å sleppe å gå langs vegen er tiltak som vil vere til glede for omgjevnadene og gjere at strukturen vert nytta.

Energi

Teknisk forskrift (TEK-17) stiller klare krav til både energi bruk i bygg og type oppvarming. Føresegnene krev at det skal vere minst to oppvarmingssystem, der minst eit skal vere basert på biobrensel eller geovarme. Ut over dette og forskriftskrav er det ikkje stilt ytterlegare krav.

Støy

Støyretningsline T1442/2021 skal leggast til grunn for planlegging av støyømfintleg busetnad. For fritidsbustader er det berre krav til støy på uteområde. I dette høvet er det trafikkstøy som kan utløyse krav til støyvurdering, men trafikkmengd og hastighet langs tilstøytane veg er so låg at det ikkje utløyser støykrav.

Kulturminne

Det ligg ikkje kulturminne innanfor den delen av planen det vert søkt mindre endring for.

Plan for overvatn, vatn- og avløp

Omsøkt areal ligg innanfor Gol kommune sitt offentlege vatn- og avlaupsanlegg. Tiltak på staden må kople seg på det kommunale nettet.

Overordna vatn- og avløpsplan ligge føre i tråd med kommunens VA-norm og syner vass- og avlaupsleidningar, brannvassuttak og overvatn.

Barn-og unges interesser

Miljøverndepartementets rundskriv T-2/08 framhevar kommunens ansvar for at all plan- og byggesakshandsaming varetar omsyn til barn og unges trong for gode oppvekstvilkår og nærmiljø.

Reguleringsplanen legg opp til enklare tilkomst og ein utvida bruk av staden til sommar- og vinter aktivitetar. Ei utbygging av området vil etter alt å dømmе være positivt for barn og unge, og gi moglegheit for at nye områder vert gjort tilgjengeleg for fleire med stor breidde og variasjon.

Uteareal på kvar tomt gjer rom for aktivitet utandørs, saman med omkringliggende friluftsområde, tur- og løypenett og aktivitetstilbod vurderer ein at barn og unges interesser er godt ivaretatt. Opparbeiding av stad for uteplass ved grunnarbeid på tomtene vil sikre eigna privat uteopphaldsareal.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Bakgrunn

Etter naturmangfoldlovens § 7 skal prinsippa i lovens §§8-12 leggast til grunn som retningslinje ved utøving av offentleg mynde. Me har gjort følgjande vurdering:

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Terranget innan planavgrensinga har gjennom detaljplan for Øvre Kamben blitt vedtatt til utbygging og er i dag ubygd og framstår som svakt skogsett med undervegetasjon av lyng. Staden er ein del av hovudøkosystemet semi-naturleg mark.

Området er i august 2020 kartlagt for naturtypar gjennom eit kartleggingsprosjekt på Golsfjellet utført av Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS på oppdrag frå Miljødirektoratet. Staden er i registreringa gitt namnet kreklingstubben N1 med Id NINFP201003636 og består av boreal hei av svært låg kvalitet, der tilstanden er redusert på grunn av ein kombinasjon av gjengroing og spor etter ferdslе med tunge køyretøy. Det er ikkje funne framandartar på lokaliteten. Storefjell 1 er registrert med Id NINFP2010035243 og består av boreal hei av høg kvalitet. Lokaliteten er stor og omfattar betydelege deler av Storefjell, Lokaliteten er truga av gjengroing og tilstanden er vurdert til moderat. Ein legg til grunn at det dei største økologiske verdiane ligg utanfor det aktuelle planområdet.

∴

12.∴



∴ _____ ∴
Kartinnsynsløysing til www.artsdatabanken.no syner ingen registreringar innanfor område. I naturbasen til miljødirektoratet <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase> inngår staden i forvaltingsområde for rovdyra Bjørn, Gaupe, Jerv og Ulv. Om det ikkje er mange registreringar i tilgjengeleg kjelder kan det likevel vere artar som ikkje har blitt registrert, men vi ser ingen indikasjon på dette.

Føre var prinsippet (§9)

Ei gradvis nedbygging av areal er den største trusselen for naturmangfaldet. Omsøkt område er avsett til byggeområde i gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan. Ein har derfor tidlegare gjort ei vurdering at dette området kan takast i bruk som byggeområde. Området i seg sjølv ligg inn mot eksisterande hytteområde med liknande strukturar og endrar ikkje nemneverdig leveområde for større dyr. Ei utbygging kan redusere leveområde for mindre individ i den lokale fauna. Sannsynet for funn av artar knytt til sjeldne planter, er marginal.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§10):

I ei samla vurdering av belastningane på dei naturtypene som vert bygd ned, har ein komen fram til at naturtypene ikkje er unike for denne staden og at ei nedbygging ikkje vil føre til tap av biologisk mangfald.

Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver (§11):

I følge planforslaget finn ein ikkje tiltak som gjer grunnlag for å pålegge tiltakshavar å dekke kostnader for å avgrense skade på naturmangfaldet. Naturmangfoldsloven § 11 vurderer ein derfor ikkje nærare.

Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode (§12):

Ein har gjennom arbeid med endring av planen gjort vurderingar rundt helse, miljø og sikkerheit, og faren for at hendingar skal oppstå i samband med aktivitet på eller i samband med planområdet. Ei samla vurdering av området er gjort blant anna gjennom kommuneplan og reguleringsplan og har stor verdi for samfunnet som utbyggingsområde.

Vurdering:

Etter vår meining medfører ikkje endringa til inngrep av eit omfang som fører til behov for innhenting av nye data eller gjere nye vurderingar. Dei miljørettslege prinsippa for utøving av offentleg mynde i naturmangfaldlova skulle dermed være oppfylt.

ROS

Det er vurdert at planendringa ikkje fører med seg endringar som gjer det naudsynt å foreta ein ny risiko- og sårbarheitsanalyse.

Vedlegg:

Øvre Kamben - Endring FKB1-3 - Plankart, dagsett 29.01.2024
Øvre Kamben - Endring FKB1-3 - Føresegn, dagsett 29.01.2024
Øvre Kamben - Endring FKB1-3 - Framlegg på eks plan, dagsett 29.01.2024
Øvre Kamben - Endring FKB1-3 - Vegar samla, dagsett 29.01.2024
Øvre Kamben - Endring FKB1-3 - Helningskart, dagsett 29.01.2024
VA-plan,
Varselbrev til naboane, dagsett 14.12.2023

∴

13.∴